

Lindås kommune v/byggesaksavdelinga

Søknad om dispensasjon frå plankrav vedrørende søknad om frådelling av areal til offentleg føremål og trafikkareal – gbnr 137/23 Alver

Viser til sak 19/146.

Ved søknad om tiltak, samt deling, er det innanfor BOP2 krav om detaljregulering, ref. føresegn 2.1.1. Delar av areal som er søkt frådelt ligg innanfor BOP2. Ca. 400 m² i kvart utsnitt under, totalt 800 m², markert med svart skravur, ligg innanfor BOP2.



Frådellinga vil ikkje setje omsynet til plankravet til side, frådelt areal får berre ny eigar. Det vil seie at føremålet med føresegn 2.1.1 ikkje vert tilsidesett.

Ein dispensasjon vil ikkje gje ulemper verken for privatpersonar/naboar eller ålmenta. Området BOP2 skal likevel detaljregulerast iht. planen.

Frådellinga det er søkt om følgjer tomtegrensene. Dette for å unngå små restareal som vert liggande igjen. Formålet med frådellinga er at Lindås kommune v/eigedom skal bygge ny Alversund skule og difor skal ta hand om nytt areal. Frådellinga er eit ledd i å sikre gjennomføring av tiltaket.

Slik vi ser det, vil ei innvilging av dispensasjon bidra til å realisere bygging av ny Alversund skule. Føremålet med plankravet vert ikkje tilsidesett, og det er ingen ulemper knytt til denne dispensasjonen. Reguleringsplanen vert fulgt.

Med vennleg helsing

Håkon Nesheim

Magne Fosse

Ole Westervik Vetås